Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2021 vart kr 47 059 627. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein gevinst på 11 771 450, denne var i justert budsjett budsjettert med gevinst på 6 mill. kr. Renteugifter vart 1,39 mill. kr lavere enn budsjettert, dette som følgje av endringar i rentenivået. Avdragsutgiftene kr 470 000 over budsjettet. Samla vart netto finansutgifter ca. 6,4 mill. kr lavere enn justert budsjett. Til samanlikning var netto finansutgifter i 2021 på kr 58 369 521.

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Alle tal i heile 1 000	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Renter løpande lån	21 027	24 111	28 526	25 498	25 884	28 214
Avdrag løpande lån	39 442	39 084	34 322	31 882	31 132	29 720
Sum renter/avdrag	**60 469**	**63 195**	**62 848**	**57 380**	**57 016**	**57 934**

Nøkkeltal	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,39	9,22	9,61	9,15	9,39	9,99
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	6,14	8,38	7,43	8,82	7,06	8,63

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein nedgang frå 9,99 prosent i 2016 til 8,39 prosent i 2021.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein nedgang frå 8,63 prosent i 2016 til 6,14 prosent i 2021. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto dritsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2021	Renter / avkastning 2021
ODIN	43 597	3 566
Sparebanken Møre bankinnskot, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	86 388	8 205
Sum:	**129 985**	**11 771**

I tidsrommet 2000 – 2021 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 10 mill. kr pr. år, dvs. 196 mill. kr over 21 år.